

KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLODato: 15.08.2016
Vår ref.: 2016/42-12
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 16/4081

Søknad om tilskot til utviklingsarbeid i Hordaland fylkeskommune - haust 2016 og vår 2017

Hordaland fylkeskommune søker med dette om kr 75 000,- i tilskot til utviklingsarbeid haust 2016 og vår 2017. Tilskotet vert brukt til:

Dialogkonferanse idrett og friluftsliv vert arrangert i Nordhordland 7.-8. september 2016. Målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og planleggarar i kommunane er primær målgruppe. Aktivitets- og anleggsutvikling er ein raud tråd i programmet. Spelemidlar (inkl www.idrettsanlegg.no) i tillegg til synfaring av ulike anlegg har ein sentral plass i programmet. **Kostnad om lag kr 75 000,-.**

Kurs i sikkerhet på anlegg og kurs i teikningar og førehandsgodkjenning vert arrangert i Bergen 27. oktober. Advokat Tore Thallaug frå Lillehammer kjem for å snakke om sikkerheit på idrettsanlegg og Frode Langø skal snakke om førehandsgodkjenning og korleis forstå teikningar av idrettsanlegg. Deltaking på kurset er gratis. **Kostnad om lag kr 25 000,-.**

Fylkeskonferansen for kultur og idrett vert arrangert 8. november 2016 i Bergen. Målgruppa for konferansen er fylkes- og kommunepolitikarar, tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv, folkehelse og planleggarar i kommunane og leiarar i idretts- og friluftorganisasjonar på alle nivå. Årets konferanse set m.a. fokus på planlegging av anlegg, medverknad i prosessen, dokumentasjon av reelle behov, utfordringar med privat med finansiering og kven som er brukarar. Det er forventa om lag 150 deltakarar. **Kostnad om lag kr 50 000,-**

Det vert og arrangert kurs i «nye idrettsanlegg.no» på våren 2017. Tid og stea vert avklart når vi får ferdig demoversjon av nytt program. **Kostnad om lag kr 25 000,-**

Britt Karen Spjeld
LeiarBjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

